

Sunnmørsposten 11. august 2012 v/ [Johan Behrentz](#)

Svir for dårlege kommunikasjonar



Dagleg leiar Jan Petter Urke og teknisk sjef Svetozar Milie med eit av dei tradisjonelle produkta frå fabrikkjen. Dei vil satse vidare.

Mangel på fagfolk gjer at Haram-verksemda Ulmatec Pyro må skru ned ambisjonane.

– Vi treng ein større bu- og arbeidsmarknad. Kommunikasjonar er avgjerande, seier dagleg leiar Jan Petter Urke i Ulmatec Pyro i Søvik.

Verksemda utviklar og produserer miljøvennlege løysingar for varmevatn om bord i skip. Kundane har tatt imot nye patenterte løysingar over all forventning, og målet med ein omsetnad på 42 millionar kroner i år er slått ettertrykkeleg.

Sjå også: [Rekordkontrakt for Ulmatec](#)

Store mål

– Allereie no har vi fått ordrar på 70 millionar kroner. I tillegg ser det svært bra ut også for neste år, seier dagleg leiar Jan Petter Urke til Sunnmørsposten.

Verksemda, som er ein del av Ulmatec-gruppen, har auka arbeidsstokken sin frå 22 til 32 sidan 2010.

Fagfolk

– Det har ikkje vore lett, og no stoppar det opp. Nærmarknaden i Haram er støvsoge, og det syner seg umogleg å få fagfolk frå Ålesund. Kommunikasjonane er for dårlege og det er vanskeleg å pendle, seier Urke.

Han er spent på framtida. Ulmatec Pyro har søkt om nye patentar som kan gje enda større utteljing for verksemda. Målet er ein omsetnad på hundre millionar kroner årleg, men då treng ein enda fleire fagfolk og ingeniørar. Det har ein ikkje.

– Vi må truleg skru ned desse ambisjonane om vi ikkje får fagfolk nok.

Flytte ut

– *Kva er alternativet?*

– Heile Ulmatec-gruppen er i ekspansjon og vi dreg nytte av felles ressursar. Eit alternativ er å flytte delar av verksemda til utlandet. Vi har allereie etablert eit kontor i Singapore, der det er fagfolk nok. Europa kan også vere eit alternativ. Der er det aukande tilgang på ingeniørar. Men aller mest ønskjer vi å vekse der vi er, seier Urke.

– *Ser du løysingar lokalt?*

– På lengre sikt må vere å betre kommunikasjonane. Nordøyvegen må kome for i neste omgang å kunne auke trafikkgrunnlaget gjennom eit framtidig Hamnsundsamband, seier han.

Jan Petter Urke er leiar i styret for Hamnsundsambandet, eit verv han har tatt på seg etter å ha sett kva det vil tyde for industrien i Haram. Han var i 12 år ved Rolls-Royce sin fabrikk på Longva og var dagleg leiar ved H-vinduet på Austnes, før han kom til Pyrofabrikken.

Betyr alt

– For næringslivet betyr kommunikasjonar alt. Fullkoment blir det når både Hamnsundsambandet og Hafast over Storffjorden kjem på plass, meiner han.

– *Men det er allereie mangel på ingeniørar i regionen og landet elles. Korleis skal det då bli fleire til Haram?*

– Eg trur variasjonen i oppgåver vil auke valfridomen og dermed totalt sett trekkje til seg fleire fagfolk, seier Urke, som vonar at politikarane forstår samanhengen mellom næringsutvikling og samferdsel.



Patentar. Ulmatec Pyro i Søvik har fått stort oppsving i omsetnaden etter at nye patentar har kome i produksjon. Fleire produkt er på patentbenken, men leiinga er redd for at mangel på fagfolk skal bremse utviklinga.



Utviding. Ulmatec Pyro har investert mykje i utvidingar, men tilgangen på fagfolk kan setje stoppar for vidare ekspansjon.